



## **SAK 20/12 SØKNAD OM TILRETTELEGGING AV FLEKSIBLE LÆRINGSARENAER I LOKALMILJØ – UTVIKLING AV BIBLIOTEKA SOM EIN GOD STAD Å STUDERE**

### **Saksopplysning**

I brev dat. 8.11.2011 søkte biblioteka i Hallingdal, om kr. 100.000 (i denne omgang) til utvikling av biblioteka som studierom. Sak vart handsama i sak 66/11, der Regionrådet utsette saka, og bad om ei nærare kartlegging av behov.

Bakgrunn for tiltaket er m.a. regional planstrategi for Buskerud fylkeskommune der livslang læring er eit satsingsområda for perioden 2009-2012. I samband med denne satsinga har biblioteka i Hallingdal, i samarbeid med Hallingdal karrieresenter, fått tilsagn om tilskot på kr. 100.000 til opprusting av biblioteka som studierom, til vaksne studentar.

I samband med uttale til prosjekt Livslang læring i Buskerud, sak 45/09 gav m.a. Regionrådet slik uttale til pkt. fleksibel opplæring:

*6.1 Delprosjekt Fleksibel opplæring er eit delprosjekt som blir støtta, og der Hallingdal ynskjer å utvikle dette regionalt. M.a. kan det vera aktuelt å vurdere studieverkstader i eit nettverk der t.d. biblioteka kan vera møteplassen. Hallingdal har ein samordna IKT infrastruktur som vil vera eit godt grunnlag for ei slik løysing. Det kan og vera aktuelt å ha eit felles læringscenter som studieverkstad, eller som eit supplement til ein desentralisert modell.*

Hallingdal har eit relativt lågt utdanningsnivå i befolkninga og rekrutteringsgrunnlaget til ein del stillingar som krev høgare utdanning er ofte lite. Samstundes er alle faste utdanningsinstitusjonar med høgare utdanning utanfor dagpendlaravstand. Innbyggjarar i Hallingdal som vil studere må enten søke seg til nettbaserte/samlingsbaserte studiar eller vekependle. Dei som ikkje kan/vil flytte ut er ofte vaksne personar med jobb, familieliv og engasjement i lokalmiljøet. Vaksne som treng å fullføre utdanning er ofte i same situasjon. Dette skapar behov for fleksible studiemogelegheiter nær bustad. Behov for eit studierom og eit studiemiljø utanfor heimen er vurdert som viktig. Det finnes ingen oversikt over kor mange vaksne som tek etter-/vidareutdanning i Hallingdal. Biblioteka er i gang med ei enkel kartlegging av dei bibliotekbrukarane som gir tilkjenne at dei er i gang med slik utdanning.

Biblioteka har i dag i liten grad eigna fysiske forhold som skjerma studieplassar med eigna datautstyr, grupperom for gruppearbeid eller tilgang ut over vanleg opningstid. Dette ynskjer biblioteka i Hallingdal å gjera noko med i sitt STUDIEROM-prosjekt, med tilrettelegging av 1-2 studieplassar pr. bibliotek.

Tre av biblioteka (Ål bibliotek, Gol bibliotek og Hemsedal folkebibliotek) står klare til å legge til rette for studierom og vil bli prioritert i fyrste omgang. Erfaringar her vil danne grunnlag for etablering av studierom i folkebiblioteka i Hol, Nes og Flå i 2012. For å kunne innreie og utstyre funksjonelle studierom, vil biblioteka ha behov for finansiering utover kr. 180.000 frå Buskerud fylkeskommune (100.000 i 2011 og 80.000 i 2012). Der det og er ein føresetnad at ikkje berre fylkeskommunen bidreg med «friske» midlar.

Biblioteka i Hallingdal søkte Regionrådet i Hallingdal om kr. 100.000, for 2011 og vil koma attende med søknad om tilskot til realisering av studierom i Hol, Nes og Flå i 2012.



Det er ikkje utført ei kartlegging av behov ved dei ulike biblioteka, men ved Gol bibliotek har dei sidan november 2011 notert brukarar som er under utdanning og som har teke kontakt med biblioteket. 4 stk. er registret at held på med mastergradutdanning og 6 stk. fagarbeidarar held på med tilleggsutdanning. Dette er ikkje nokon fullgod kartlegging, men kan gje ein indikasjon. Ei anna målgruppe er framandspråklege studentar. På Nes er det t.d. anslått å vera ca. 15 «faste brukarar».

### **Vurdering**

Initiativet til biblioteka i forhold til livslang læring er positivt og kan definerast inn under biblioteka sitt samfunnsoppdrag. Dagleg leiar ser på utvikling av biblioteka som studierom som eit positivt tiltak, noko som innbyggjarar i Hallingdal kan få god nytte av.

Når det gjeld eventuelt tilskot er det eit meir prinsipielt spørsmål som bør drøftast. Er denne type investeringar i eigne bygg, fyrst og fremst eit kommunalt ansvar? Det har ikkje vore vanleg å nytte midlar frå Regionrådet eller partnerskapsmidlar til reine fysiske investeringar. All den tid fylkeskommunen allereie har gjeve tilskot vil det og vera lite aktuelt å nytte partnerskapsmidlar.

Etter dagleg leiar sitt syn bør dei avgrensa midlane som Regionrådet disponera, i utgangspunktet ikkje nyttast til fysiske investeringar. Dersom det skal gjevast tilskot er det mest nærliggjande å nytte midlar sett av til gjennomføring av strategisk plan. Eit tilskot med bruk av desse midlane vil i so fall utgjera 1/3 av årleg løyving, dersom ein føreset ei total tilskotsramme på kr. 200.000.

### **Forslag til vedtak**

Regionrådet for Hallingdal ser positivt på utvikling av biblioteka som studierom. Dei midlane Regionrådet har til disposisjon blir som utgangspunkt ikkje nytta fysiske investeringar. Regionrådet vil derfor rå til at nødvendige løyvingar for å innreie og utstyre funksjonelle studierom blir løyst i den enkelte kommune.

Ål 19.5.2012  
Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg: Søknad frå biblioteka i Hallingdal, dat. 8.11.2011

Hallingdalsbiblioteka  
v/Hanne Brunborg, Gol bibliotek  
3550 Gol

Regionrådet for Hallingdal  
3570 Ål

Gol, 8.november 2011

## **SØKNAD OM TILRETTELEGGING AV FLEKSIBLE LÆRINGSARENAER I LOKALMILJØ – UTVIKLING AV BIBLIOTEKENE SOM ET GODT STED Å STUDERE**

---

**Bibliotekene i Hallingdal har mottatt prosjektmidler gjennom "Livslang Læring" ved Buskerud fylkeskommune til utvikling av bibliotekene som studierom. Nødvendig kompetanseheving for bibliotekarene vil bli gjennomført som del av eget prosjekt i Buskerud fylkesbibliotek (BIBARENA).**

---

Buskerud fylkeskommune har i Regional planstrategi for Buskerud pekt på livslang læring som ett av satsingsområdene for perioden 2009-2012. Hallingdalsbibliotekene, i samarbeid med Hallingdal karrieresenter (eid av fylkeskommunen), har fått tilsagn om tilskudd på til sammen 140.000 kr i 2011. Kr 100.000 kr skal brukes til opprusting av bibliotekenes tilbud til voksne studenter.

Bibliotekene ønsker å komme raskt i gang med den fysiske tilretteleggingen av studierom. Tre bibliotek som står klare til å tilrettelegge for studierom allerede i 2011 – Ål bibliotek, Gol bibliotek og Hemsedal folkebibliotek - vil bli prioritert i første omgang. Deres erfaringer vil så danne grunnlag for etablering av studierom i folkebibliotekene i Hol, Nes og Flå i 2012. I Hol kommune er det nye hovedbiblioteket på Geilo i innflyttingsfasen og der er det allerede investert en del i møte-/konferansefasiliteter.

For å kunne innrede og utstyre funksjonelle studierom, vil bibliotekene ha behov for finansiering utover de kr 100.000 fra Buskerud fylkeskommune. Hallingdalsbibliotekene søker derfor Regionrådet i Hallingdal om en tilsvarende sum, kr 100.000, for 2011. Vi ber om at denne søknaden behandles raskt, slik at nødvendige innkjøp kan iverksettes.

Søknad om tilskudd til realisering av studierom i Hol, Nes og Flå vil vi komme tilbake til i 2012.

### **Bibliotekenes rolle i livslang læring – etablering av lokale studierom**

Hallingdal har et relativt lavt utdanningsnivå i befolkningen og rekrutteringsgrunnlaget til en del stillinger som krever høyere utdanning er ofte lite. Samtidig er alle utdanningsinstitusjoner med høyere utdanning utenfor dagpendleravstand. Hallinger som velger å studere må derfor enten søke seg til nettbaserte/samlingsbaserte studier eller ukependle. De som ikke kan/vil flytte ut av dalen er ofte voksne personer med jobb, familieliv og engasjement i lokalmiljøet. Voksne som trenger å fullføre grunnskole eller videregående utdanning er ofte i samme situasjon. Det skaper behov for fleksible studiemuligheter nær bosted. Behovet for et studierom og et studiemiljø utenfor hjemmet er sentralt.

Det finnes ingen oversikt over hvor mange voksne som tar etter-/videreutdanning i Hallingdal. Bibliotekene er i gang med en enkel kartlegging av de bibliotekbrukerne som tilkjennegir at de er i gang med slik utdanning. Dette vil pågå til over nyttår. En mer avansert undersøkelse vil måtte gjennomføres senere dersom det er aktuelt, og da gjennomføres og finansieres i samarbeid med flere.

Bibliotekene skal være et supplement til utdanningsinstitusjonene og en praktisk støtte for studentene. De skal utfylle det pedagogiske arbeidet og bidra til at studentene får en enklere studiehverdag.

Bibliotekene yter i dag tjenester som fjernlån, veiledning til å velge egnet litteratur til oppgaveskriving og er tilgjengelige i åpningstiden. I tillegg blir det også avviklet eksamen for enkeltpersoner. Men bibliotekene har i dag i liten grad egnede fysiske forhold som skjermede studieplasser med egnet datautstyr, grupperom for gruppearbeid eller tilgang ut over vanlig åpningstid. Dette ønsker vi å gjøre noe med i vårt STUDIEROM-prosjekt, med tilrettelegging av 1-2 studieplasser pr bibliotek.

I tillegg trenger bibliotekarene selv å oppdatere seg på hvilke krav utdanningsinstitusjonene stiller til sine studenter mht informasjonskompetanse, søketeknikker, bruk av referanseverktøy etc. Da kan bibliotekene i Hallingdal yte veiledning og bidra til at frafallet fra studiene minskes.

Parallelt med STUDIEROM-prosjektet pågår et annet prosjekt for bibliotek støttet av prosjekt Livslang Læring i Buskerud. Prosjekt BIBARENA skal styrke kompetansen i folkebibliotekene slik at de skal bli bedre støttespillere for voksne i en utdanningsfase. Det skal også utarbeides en målestokk for bibliotek som læringsarena, et nyttig verktøy for at utviklingen av bibliotekene skal fortsette også etter at prosjektperioden er over. Prosjekt BIBARENA omfatter Drammensbiblioteket, Kongsberg bibliotek, Ringerike bibliotek og Ål bibliotek og styres av Buskerud fylkesbibliotek. Gol bibliotek er i tillegg invitert inn i prosjektgruppa for å sikre overføringsverdien mellom de to prosjektene.

Hallingdalsprosjektet STUDIEROM er dermed knyttet til et større nettverk av bibliotek i Buskerud som skal fokusere på å utvikle seg som læringsarenaer i 2011 og 2012.

## SAK 20-12, VEDLEGG 1

### Prosjektbudsjett:

Hva	2011	Kommentar
Pc'er, skrivere, projektor etc.	120.000	Til studentbruk, ikke undervisning
Pulter, skjerm Brett, tavler etc	80.000	
Kabling, teknisk utstyr	30.000	
Studielitteratur	30.000	
Diverse	30.000	
<b>Totalt</b>	<b>290.000</b>	

### Finansieringsplan:

Hvem	2011	
Buskerud fylkeskommune - Prosjekt Livslang læring	100.000	I samarbeid med Hallingdal karrieresenter
Regionrådet	100.000	
Kommunene	90.000	Egeninnsats, forbruksvarer, litteratur
<b>Totalt</b>	<b>290.000</b>	

Med vennlig hilsen, på vegne av Hallingdalsbiblioteka

**Hanne Brunborg**  
Biblioteksjef i Gol kommune